



**DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Statsråden

Stortingets Presidentskap  
Ekspedisjonskontoret  
Stortinget  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref  
16/670-

Dato  
04.04.2016

**Spørsmål nr. 786 fra Stortingsrepresentant Janne Sjelmo Nordås til samferdselsminister Ketil Solvik-Olsen**

**Spørsmål:**

"Eg vil be samferdsleministeren gje skriftleg svar på følgjande spørsmål:

Korleis vil statsråden sikre at Statens Vegvesen sine kontraktar er enda betre tilpassa den norske entreprenørmarknaden, og samstundes sikre samanhengande og kostnadseffektive veg- og infrastrukturprosjekt?"

**Svar:**

Eg vil fyst vise til at 94 % av Vegvesenets kontrakter gjekk til norske entreprenører i 2015. Dette er langt høgare enn 2012 og 2013, altså før regjeringsskiftet. Jeg er oppteken av at vi skal bygge betre infrastruktur, men også at vi skal utvikle norsk næringsliv og bidra til lav arbeidsledighet. I regjeringas samferdselssatsing har vedlikehald og fornying fått ein særskilt auke, og det er i all hovudsak prosjekta lokale og regionale entreprenør har svært gode forutsetningar for å vinne.

Regjeringa er oppteken av rasjonell og god prosjektgjennomføring. Samanhengande utbygging først og fremst blir sikra gjennom prosjektstruktur, dvs. korleis prosjektporteføljen blir delt inn i store kontra små prosjekt. Tilpassing til entreprenørmarknaden blir gjort gjennom kontraktstrukturen, dvs. korleis prosjekta blir delte inn i små, mellomstore eller store kontraktar. Eit stort prosjekt vil normalt ha både små og store kontraktar i kontraktstrategien sin, og det er derfor inga motsetning mellom samanhengande utbygging og tilpassing til entreprenørmarknaden.

Statens vegvesen har ein overordna kontraktstrategi som bevisst legg til rette både for mindre, mellomstore og store aktørar. Denne strategien bidreg til ein godt fungerande marknad, og den sikrar at små og mellomstore aktørar kan utvikle seg for å ta større kontraktar og konkurrere både med norske riksentreprenørar og med utanlandske entreprenørar.

Det er førebels lagt ut 225 kontraktar i Statens vegvesen sin plan for utlysingar i 2016. Dette er ikkje ein komplett plan, jf. at normalt ligg talet på utlyste kontraktar på 400-500 per år. Fordelinga på kontraktstorleikar for 2015 og førebels plan for 2016 er vist i tabellen under.

| Kontraktstorleik   | 2016                           |                          | 2015                  |                          |
|--------------------|--------------------------------|--------------------------|-----------------------|--------------------------|
|                    | Tal kontraktar planlagt utlyst | Pst. (av tal kontraktar) | Tal kontraktar utlyst | Pst. (av tal kontraktar) |
| < 100 mill. kr     | 190                            | 84,4                     | 392                   | 94,6                     |
| 100-500 mill. kr   | 28                             | 12,4                     | 21                    | 5,0                      |
| 500-1 000 mill. kr | 6                              | 2,7                      | 2                     | 0,5                      |
| > 1 000 mill. kr   | 1                              | 0,4                      | 4                     | 1,0                      |
| Sum                | 225                            | 100,0                    | 419                   | 100,0                    |

Eg meiner tabellen viser at variasjonen i kontraktporteføljen er god. Det er også få kontraktar som blir tildelt utanlandske entreprenørar, noko som viser at Statens vegvesen sine kontraktar er godt tilpassa den norske marknaden.

Med helsing  
  
Ketil Solvik-Olsen

Kopi til:  
Vegdirektoratet